

Høyanger om skulane: (framh.)

Løyv meir pengar! Press stat og kapital!

Det er ikkje kommunestyret, men Høyanger Arbeidarparti sitt reine fleirtal (11 av 21), som har vedteke desse dramatiske nedskjeringane. Alle andre parti stemte mot (SV var ikkje tilstades).

RV foreslo 4 mill. kr i tilleggsløyving som seinare skulle fordelast etter tilråding frå oppvekstutvalet og omsorgsutvalet. Som venta ville ikkje borgarleg parti stemme for RV-forslaget. Vi sat igjen med vår eiga stemma.

Som alltid før fekk RV spørsmålet kor partiet ville hente pengane frå. Svaret vårt er også som alltid før: **Pengane finst i det norske samfunnet – hjå aksjeeigarane, kapitalistane og dei verkeleg høgtlønna.** Pengane finst både i kjende formueoversyn og dei meir skjulte konti (fleire og større i Sveits?). Det er berre for Regjering og Storting å leggje om den økonomiske politikken!

Kommunestyra må slutte å leggje seg flate for den statlege økonomiske ramma. Kommunane må bli opprørske. Lokalpolitikarane må gå i allianse med fagforeiningane både i kommunen og i det private, og kommunane må gå i allianse (ikkje samanslåing) med kvarandre og stille krav.

Om du vil at eit slikt syn på sakene skal kome fram i kommunestyret og vinne fram elles, må du **stemme RV ved kommunestyrevalet!**

Høyanger vil ha sosialisme!

Ikkje minst dei siste "Reiten- og Ditlev Simonsen-sakene" viser at det er nødvendig med eit samfunn utan klasseskilje.

Utviklinga i dag går i motsett retning – klasseskilja blir tydelegare, også med ei regjering som kallar seg raudgrøn. RV arbeider difor for eit sosialistisk samfunn der folkefleirtalet har teke makta frå eliten slik at alle kan få det trygt og godt, og ikkje lenger vere styrte av konjunkturar og budsjettsvingingar.

Om du vil at eit slikt syn på sakene skal kome fram i kommunestyret og vinne fram elles, må du **stemme RV ved kommunestyrevalet!**



Høyanger-skulane dramatisk svekka

- Skuleåret som begynte denne veka starta med 8 – åtte – færre lærarårsverk enn fjoråret slutta med
- Med dagens takt på utskifting vil læreverk vere skifta i 2011
- Det blir i for liten grad sett inn vikar ved kortare fråvær
- Det er kutta i delingstimar og ekstraressursar

Såpass mange færre lærarårsverk betyr ei svært alvorleg **svekking av undervisningstilbodet** – eller som oppvekstsjef Bjørn Hjelmeland skreiv om Høyanger skule i budsjettkommentaren: *“Slik dramatisk endring [...] er ikkje fagleg, pedagogisk eller sosialpedagogisk heldig”*. Det seier seg sjølv at slik reduksjon i bemanninga også fører til eit **dårlegare arbeidsmiljø** for gjenverande lærarar.

Det svekka undervisningstilbodet **vil gå ut over svært mange elevar. Også dei elevane som ligg i “gråsona”, vil lide**. Noko av det kommunen sparar på eit budsjettvedtak om færre lærarar, kjem igjen som auka utgifter til spesialpedagogisk ressursar til dei aller svakaste – ressursar som elevar i “gråsona” ikkje får tildelt!

Dette er realiteten trass i at den nye regjeringa i si Soria Moria-erklæring skriv at “det skal ansettes flere lærere i skolen for å gi elevene bedre oppfølging”. Regjering og Storting har “dobbel bokføring”!

Det går **altfor tregt med utskifting av lærebøker og andre læreverk**. Staten innførte ny læreplan frå skuleåret 2006-07. Ikkje minst dette gjer det nødvendig med utskifting av lærebøker og andre læreverk. Med dagens utskiftingstakt, vil ikkje alle læreverk vere på plass før i 2011! Vi risikerer ein ny læreplan før så langt lir.

Kommunen ventar med å setje inn vikarar ved kortare fråvær. Kommunen **sparar vikarutgifter på kostnad av born med særskilte behov!**

Soria Moria gjekk også inn for at ein kontaktlærer ikkje skulle ha ansvar for meir enn 15 elevar. Dei fleste **kontaktlærarane i Høyanger har ansvar for altfor mange elevar**. I Høyanger har 28 av 36 ansvaret for over 15 elevar. Fire kontaktlærarar har ansvaret for 25 elevar og fleire! Også dette går sjølvstakt mest ut over dei elevane som treng mest oppfølging og er ei nødvendig ekstrabelastning i lærarane sitt arbeidsmiljø.